

Valmøte i Masfjorden

Alle dei seks partia som stiller til val i Masfjorden, skal delta i ein valdebatt på Nordbygda samfunnshus på Risnes onsdag 31. august. Fem av partia stiller med førstekandidaten sin, medan Ragnvald Tangedal skal svara for Arbeidarpartiet. Debattleiart vert NRK-journalist Per Jon Odøen.

Kaker og skryt

Kommuneleiinga på Fedje er så nøgd med dei positive resultatane som kom ut av borgarundersøkinga, som Strilen har skrivne om i det siste, at dei vil gjera stas på dei kommunetilsette. Difor vil rådmann Vidar Bråthen (biletet) og ordførar Kristin Handeland onsdag dra rundt på avdelingane i kommunen og dela ut kake og skryt til dei tilsette. Borgarundersøkinga viste at folk på Fedje er svært nøgde med kommunen sin.



Spår 12.000 i Meland om 30 år

Viss det går slik Statistisk sentralbyrå trur, vil Meland i 2040 ha nesten 12.000 innbyggjarar. Og på Fedje vil det bu færre folk enn i Modalen.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Meland har i mange år vore ein vekstkommune, og ingenting tyder på at den trenden vil snu. I Statistisk sentralbyrå (SSB) sin prognose, som nyleg vart presentert av Hordaland fylkeskommune, skal Meland auka frå 6.900 innbyggjarar i dag til 11.704 i 2040. Dette er den største auken av kommunane i Nordhordland.

Austrheim vil og ha sterk vekst og ha 4.557 innbyggjarar i 2040. Også Lindås vil ha ein markert vekst, men ikkje like stor. I 2040 vil kommune ha passert 20.000 innbyggjarar.

Fedje ned

Fedje representerer den andre enden av skalaen. Her trur prognosemakarane at nedgangen vil halda fram. Om 30 år vil det berre bu 400 menneske på øya i vest. Det inneber at kommunen er passert av Modalen med god margin. Då vil Modalen sin posisjon som Hordaland sin minste kommune når det gjeld folketal, vera over.

Eit anna spørsmål er om Modalen og Fedje er eigne kommunar når så langt kjem. Kanskje har alle vore del av ein storkommune i Nordhordland.

Leva litt lenger

SBB sine prognosar tek utgangspunkt i at noverande utvikling



MOGELGHEITER. Næringskonsulent Vidar Aasebø meiner Meland har noko å tilby til folk som vil starta ny næring i kommunen. (Arkivfoto)

vil halda fram i 30 år til. Vidare ligg det inne i tala at folk i 2040 skal leva litt lenger enn i dag. Ser ein heilt fram til 2060, er det kalkulert med at menn i gjennomsnitt skal leva til dei er 86 år og kvinner til dei er 89 år, mot 78,9 og 83,2 år i dag.

Nettoinnvandringa vil vera litt større enn i dag, medan fødde

born pr. kvinne er om lag som no, litt under to.

Prognosane skal mellom anna hjelpa kommunane i planlegginga. Det er klart at viss folketallet doblar seg, krev det investeringar i skular, barnehagar, eldreinstusjonar, byggjefelt og annan infrastruktur.

– Har areal til ny næring

– Me må nok rekna med at ein vesentleg del av dei nye innbyggjarane i Meland vil pendla på jobb i andre kommunar, men me ønskjer sjølvstø og at det skal koma nye arbeidsplassar i kommune, seier næringskonsulent Vidar Aasebø som ein kommentar til den forventa store folkeveksten i kommunen.

Meland er ein av kommunane som har størst utpendling, det vil seia at folk bur i Meland, men jobbar i andre kommunar, særleg Bergen og Lindås.

– Kommunen har tilgjengeleg næringsareal på Moldekleiv, og me ønskjer at ny næringsverks- emd skal etablera seg der, seier Aasebø.

Han fortel og at dei ikkje har lagt bort hotellplanane på Flatøy, sjølv om det skar seg i første omgang.

■ SLIK ER TALA

Slik spår SSB at folketallet vert i dei ulike kommunen i åra fram mot 2040:

Kommune	2011	2015	2020	2030	2040
Modalen	370	381	411	452	470
Meland	6.824	7.615	8.602	10.400	11.704
Radøy	4.896	5.147	5.451	5.938	6.139
Lindås	14.516	15.553	16.753	18.905	20.225
Austrheim	2.789	3.093	3.488	4.160	4.557
Fedje	587	556	513	462	404
Masfjorden	1.672	1.666	1.655	1.670	1.629
Nordhordland	31.284	33.610	36.462	41.535	44.658
Hordaland	484.240	514.908	553.193	616.362	656.251

Heimalanne' syng innandørs

RADØY: Konserten med Heimalanne' på Sletta søndag er flytta innandørs i Emigrantkyrkja, på grunn av utsikt til varierende ver. Dette er opningskonserten for Knarvikmilveka.

– Me er svært glade for å samarbeida med Knarvikmila, og er stolte av å vera arrangør av årets opningskonsert, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiart ved Vestnorsk utvandringssenter.

– Knarvikmila er eit av dei store veletablerte mosjonsløpa i Noreg, for alle aldersgrupper, og arrangementet er kjent langt utanfor regionen. Arrangørane har sjekka med Meteorologisk institutt for å finna ut kva ver som er ventande, og har komme fram til at det tryggest å ha konserten inne, heller enn ute ved emigranthusa slik planen eigentleg var.

– No vert det ei meir intim oppleving, seier Dyrkorn Heierland. Billettsal ved inngangen.

Tre ugyldige på tre dagar

Tre bilførarar har vorte stoppa av politiet utan gyldig førarkort denne veka. Ein av desse vart stoppa under ein laserkontroll i Isdalstø fredag, der fire personar fekk for- enkla førelegg på tre kvarter.


– Dei to andre vart stoppa på Radøy, ein på onsdag og ein på torsdag, seier politi- overbetjent Kjell-Idar Vangberg.

– Begge desse kjørde uregistrerte bilar, legg han til.

Bilens Eksosanlegg AS

- Montering mens du venter
- Ingen timebestilling, kun "drop inn"
- Stort eksoslager

GRATIS KONTROLL AV EKSOSANLEGG



Tlf: 55 26 81 81
v/Rema 1000, Kjøkkelvik.
EKSOS - RASKT - BILLIG
www.bilenseksos.no